



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Grensejustering - innsamla faktainformasjon - krinsen Liabygda i Stranda kommune

Vi viser til tidlegare korrespondanse og møte når det gjeld oppdraget frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet om utgreiing av grensejustering for krinsen Liabygda til nye Fjord kommune. Fylkesmannen har no motteke supplerande opplysningar frå Stranda og Stordal kommune, jf. brev frå oss datert 20.11. 2017.

Fylkesmannen sendar no ut all samla faktainformasjon til Stranda kommune og til representant for grensejusteringa av Liabygda, sjå vedlegg. Fylkesmannen legg ut på vår [heimeside](#) alt vi har av informasjon i saka, og vi oppmodar Stranda kommune om å gjere det same.

Det har kome tilbakemeldingar på svaralternativa i spørsmålet som innbyggjarane i Liabygda får å svare på i spørjeundersøkinga. Vi har difor endra siste svaralternativet, sjå vedlagte oppdaterte infoskriv. **Spørjeundersøkinga blir gjennomført i veke 3 og 4 i 2018.** Svar på spørjeundersøkinga blir utsendt i veke 6, og kommunane har svarfrist til veke 9 på høyringa av grensejusteringa. Sluttmøte med tilråding frå fylkesmannen er sett til **21. mars 2018 kl. 14.30 til 16.00.**

Fylkesmannen startar no arbeidet med å gå igjennom faktainformasjonen vi har motteke frå Møre og Romsdal fylkeskommune og kommunane. Dersom vi finn at noko manglar av informasjon for å gjere vår tilråding – vil vi kome attende til det.

Med helsing

Rigmor Brøste
ass. fylkesmann

Vigdis Rotlid Vestad

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

- 1 Faktainformasjon frå Fylkesmannen
- 2 Supplerings faktainformasjon frå kommunane og andre
- 3 Oppdatert infoskriv